

# YSST KONFERANSEN

6. oktober 2016 - Bømlø Kulturhus  
Tema: "I medgang og motgang"



**Hanne Kristin Rohde**  
"Kjemp for alt hva du har kjær"



**Erica Grunnevoll**  
"Fremtiden er det eneste sted.."



**Jan Atle Andersen**  
"Folkeskikk og uskikk på jobben"



**Åsmund Nesse**  
Musikalsk innslag



**Torleif Fylkesnes**  
"I medgang og motgang"



**Kjellaug Ø Johansen**  
konferansier



## “Kjemp for alt hva du har kjært”

I dette foredraget deler Hanne Kristin Rohde sine erfaringar som mangeårig leiar i politiet. Ho fortel om den unge jenta som ikkje våga å ta ordet i forsamlingar – og korleis den same dama handterer eit stort pressekorps på pressekonferanse. Hennar tankar om dinosaurar i sjefsstolen og godt leiarskap er lærerikt – uansett arbeidsplass.

Mest av alt er “Kjemp for alt hva du har kjært” eit inspirasjonsforedrag: Du kan overvinna dårlege sjefar og di eiga frykt. Svakheita kan bli din styrkje. Du kan våga å gjennomføra eit mentalt basehopp. Bli den beste utgåva av deg sjølv.



## “Fremtiden er det eneste sted vi kan gå til. - Handlingskompetanse i endringens verden”.

Erica Grunnevoll er ei lita kvinne med mykje trøkk og tyngde. Ho har teologisk embetseksamen i botn, og arbeidd i fleire år som prest i Den norske kirke. Gjennom si tid som prest fekk ho erfaring frå fengsel, forsvar, FN- styrkene og oljeplattformer. Erica fører – så vel gamal som ung, medarbeidar som leiar, praktiskar som teoretikar – inn i det levande liv. Dette gjer ho på sin enkle måte ved hjelp av lun humor og djup refleksjon.



## “Folkeskikk og uskikk på jobben. - Hvordan forebygge og løse konflikter på jobben”

Jan A. Andersen er psykolog og har arbeidd som konflikthandsamar sidan 1985.

Emne som vert behandla er: mine kjensler - mitt ansvar, lar du deg krenkje?

Du er i konflikt med deg sjølv! Ord og makt. Form og innhald. Dei mest vanlege feila. Konflikthandsaminga si framtid.



## Musikalsk innslag

Ein lokal handlekraftig mann som i 2015 gav ut eigenprodusert plate, “Lysning”, på eige selskap. Me gler oss til å høyra Åsmund spela nokre av sine låtar på konferansen.



## “I medgang og motgang”

Matre Maskin vart etablert i Brubakken i 1953 og produserer spesialutstyr for marin- og offshore industri. Hovudprodukta er heilautomatiske brannsløkkingsanlegg for helikopterdekk og utstyr for innblanding av skum i brannsløkkingsvatn.

Matre er ei verdskjend nisjebedrift som består av eit team med dyktige og kreative medarbeidarar.



## Konferansier

Kjellaug Ø. Johansen,  
Sjukepleiar og HMS rådgjevar  
ved Ysst HMS

## Program

08.30	Registrering, kaffi og stands.
09.00	Opning. Velkommen.
09.10	Hanne Kristin Rohde “Kjemp for alt hva du har kjært”
10.35	Matre Maskin v/ Torleif Fylkesnes “I medgang og motgang”
11.05	Innslag Åsmund Nesse
11.15	Lunsj
12.15	Jan Atle Andersen “Folkeskikk og uskikk på jobben. - Hvordan forebygge og løse konflikter på jobben?”
13.45	Erica Grunnevoll “Fremtiden er det eneste sted vi kan gå til – handlingskompetanse i endringens verden”
14.55	Avslutning

## Pris inkludert lunsj

2000,- for medlemar /

2500,- for ikkje medlemar

Bindande påmelding innan:

29. september 2016 til Ysst HMS

post@ysst.no eller 53 42 80 80

Dersom du har matallergi, gje beskjed ved påmelding.